



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Næring- og miljøutvalet	
	Levekårsutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Oppretting av felles beredskapsråd med Ulstein, Herøy og Sande kommunar

Samandrag:

Sande kommune har tatt initiativ til å etablere eit felles beredskapsråd for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande. Saka bygger på vedtak i Sande kommunestyre og vidare dialog mellom kommunane. Formålet er å styrke samordning, samhandling og samla beredskapsevne i regionen gjennom eit overordna samarbeidsorgan.

Formannskapet i Hareid takka ja til invitasjonen i sak PS 35/26. Det er no utarbeidd framlegg til retningslinjer for beredskapsrådet, som ligg ved saka. Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtar å etablere rådet og godkjenner retningslinjene.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommunestyre vedtek å etablere eit felles beredskapsråd for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande.

Hareid kommunestyre vedtek framlegg til retningslinjer for beredskapsrådet slik det går fram av vedlegg.

Vedlegg:**Framlegg til reglement felles beredskapsråd**

I kommunestyresak 11/26 fatta Sande kommunestyre følgjande vedtak:

Sande kommune tek gjennom denne saka initiativet til eit felles beredskapsråd for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy og Sande.

Denne invitasjonen blei lagt fram for formannskapet i Hareid (PS 35/26) som vedtok å takke ja til invitasjonen.

Sande kommune følgde opp vedtaket ved å invitere kommunane Hareid, Ulstein og Herøy til dialogmøte. Møtet vart halde på Sande rådhus 26. mai 2026, der alle dei fire kommunane var representerte ved ordførar, kommunedirektør og beredskapskontakt. Møtet konkluderte med at kommunane bør arbeide vidare med etablering av eit felles beredskapsråd, og kommunedirektørane fekk i oppgåve å legge fram politisk sak om dette.

Vurdering og konklusjon:

Kommunane har eit omfattande beredskapsansvar som er regulert gjennom fleire lovverk, mellom anna lov om sivilbeskyttelse og beredskap og helse- og sosialberedskapslova. Samstundes er den sikkerheitspolitiske situasjonen internasjonalt skjerpa, og den teknologiske utviklinga skaper nye utfordringar for samfunnssikkerheita. Nasjonale føringar, mellom anna gjennom totalberedskapsmeldinga, legg opp til å styrke den samla beredskapsevna i samfunnet.

Kommunale beredskapsråd er viktige arenaer for samordning og samarbeid mellom kommunen, næringsliv, frivillig sektor og offentlege aktørar som politi, Sivilforsvaret og Forsvaret. Råda legg til rette for informasjonsutveksling, koordinering og utvikling av felles situasjonsforståing. Beredskapsråda har ikkje formell beslutningsmynde, men fungerer som rådgjevande og samordnande organ.

Eit felles beredskapsråd for Hareid, Ulstein, Herøy og Sande er vurdert som særleg relevant fordi kommunane:

- har etablert tett IT-samarbeid (SSIKT),
- ligg i same Heimevernsområde og Sivilforsvarsavdeling,
- har ein sterk og felles maritim næringsstruktur,
- har omfattande dagleg samhandling mellom innbyggjarar og verksemdar,
- har felles interesser innan transport, vareforsyning og strauminfrastruktur (mellom anna gjennom Linja AS).

Gjennom eit felles beredskapsråd kan ein oppnå betre samordning, meir effektiv ressursutnytting og styrkt samarbeid på tvers av kommunegrensene. Samstundes ligg det til grunn at dette ikkje skal gå på kostnad av det lokale beredskapsansvaret i den enkelte kommune.

Det er utarbeidd framlegg til retningslinjer for det felles beredskapsrådet. Desse ligg ved saka.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Saka har ingen direkte likestillingsmessige konsekvensar, men eit styrkt beredskapssamarbeid vil kunne kome alle innbyggjarar til gode uavhengig av kjønn og livssituasjon.

Konsekvensar for folkehelsa:

Eit betre samordna beredskapsarbeid vil kunne bidra til auka tryggleik og betre handtering av kriser, noko som er positivt for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar:

Saka har ingen direkte miljøkonsekvensar, men betre koordinering kan bidra til meir effektiv handtering av miljørelaterte hendingar.

Økonomiske konsekvensar:

Etablering av eit felles beredskapsråd kan gi gevinstar gjennom betre ressursutnytting.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Saka vil styrke den samla beredskapsevna gjennom betre samordning, samarbeid og felles situasjonsforståing mellom kommunane.

Konsekvensar for barn og unge:

Saka har ingen direkte konsekvensar, men styrkt beredskap vil bidra til auka tryggleik også for barn og unge.

Bent Arild Grytten
kommunedirektør

Erlend Friestad
rådgivar beredskap